

Dato: 21.05.2015

Arkiv: 216

Kontrollutvalet

SAK 19/15 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2014

Vedlegg:

Rapport frå revisjonen. B- dokument (**Unnateke off. innsyn, jf. Offl. § 24, 1 lekk**)

Saksopplysningar

Denne saka er todelt. Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort. Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen vert gjort merksam på ein del tilhøve som det kan vere noko mangel på og/eller kan gjerast betre.

I Kommunelova § 77 nr 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet si oppgave er utdjupa i kontrollutvalgsforskrifta § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt på sjå-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.

Eg legg då inn kva som er/vil bli gjort i høve til anbefalingane i vegleieren:
(RF = Forskrift om revisjon og KF = Forskrift om kontrollutval)

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor RF § 11
Krava her er fulgt opp.
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg RF § 12
Revisor har ikkje meldt noko uregelmessig.
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit. RF § 15
Revisor har gitt skriftleg eigenvurdering for 2013.
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet. RF § 13 og § 14.
*Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig.
Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer sin uavhengigheit
fortløpande.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald
*Kontrollutvalet har kopi av oppdragsavtale av 2011/2012 som revisjonen har inngått
med rådmannen.
Kontrollutvalet sin kunnskap elles om kva revisjonsarbeidet omfattar, er gjennom
kontroll på revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund.*

I tillegg ligg det føre, jf. vedlegg til denne saka, Revisjonsrapport 1/14 Intern kontroll / løpande revisjon / årsavslutning. Dette dokumentet er eit omfattande og godt dokument om revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for 2014 rekneskapen. Dokumentet gir kontrollutvalet ei grei oversikt og innsikt i arbeidet revisjonen har gjort. Dokumentet sitt detaljnivå gjer at det er unnateke offentleg innsyn og vil berre vere tilgjengeleg for kontrollutvalet i samband med deira på-sjå ansvar overfor revisjonen. Dokumentet gir også kunnskap om tilhøve som revisjonen har teke opp med kommuneadministrasjonen for å gjere tilhøve betre.

Særleg viser revisor til vesentlege avvik på enkelte resultateiningar og i investeringsrekneskapen

6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet
*Gjeldande lov og forskrifter har vorte lagt til grunn.
Kontrollutvalet har inngått samarbeidsavtale med revisjonen som gjeld frå 01.01.2015*
7. Revisjonsstrategi.
Revisor har utarbeida revisjonsstrategi for 2014. Denne var til behandling/orientering i kontrollutvalssak 28/14.
8. Nummerert brev. RF § 4
Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev i 2014
9. Mislegheiter. RF § 3, RF § 4, KF § 8
Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i 2014.
10. Revisjonsmeldinga. RF § 5
Revisjonsuttale ligg føre. Den er datert 08.05.2014
11. Revisor sin møteplikt og møterett. RF § 19, KF § 19.
Revisor har følgd sin møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.
12. Revisor sin opplysningsplikt. RF § 20.
Eg har ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.

Det vert særleg vist til revisjonsrapporten side 17 og 18 som omhandlar Driftsrekneskap pr resultateining og pr sektor og resultateining.

Forslag til vedtak:

1. Ut frå dei opplysningane som ligg føre har kontrollutvalet ingen merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2014.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen gi tilbakemelding på om tilhøve revisor peikar på vert betra og evt. når.

Jostein Støylen
Dagleg leiar